



UNIVERSITETET I OSLO

Studiekoordinator og studiekonsulent

Om stillinga

Ved [Institutt for musikkvitenskap](#) har vi ledig ei fast stilling som rådgjevar SKO 1434/seniorkonsulent SKO 1363 frå august 2021.

Som studiekoordinator får du ansvar for å koordinere og utvikle det studieadministrative team, som samarbeider tett med det spennande og kreative fagmiljøet på instituttet. Du kjem og til å ha eit nært samarbeid med administrativ leiar, undervisningsleiar og fakultetet.

Til stillinga som studiekoordinator ligg og rolla som studiekonsulent for det engelskspråklege masterprogrammet i Music, Communication and Technology, med varierte oppgåver innan studieadministrasjon. Du vil mellom anna ha tett kontakt med undervisarar og studentar, og ansvar for informasjon om studieprogrammet sine nettsider.

Arbeidsoppgåver

- koordinering og utvikling av instituttets studieadministrative arbeid
- sakshandsaming, rådgjeving og rapportering i studiesaker
- bindeledd mellom fakultetet og instituttet på det studieadministrative feltet
- utvikle og vedlikehalde gode rutinar for forvaltning
- undervisnings- og eksamensplanlegging
- drift av emne og gjennomføring av eksamen
- vedlikehald og oppdatering av nettsider (program-, emne- og semestersider)
- sakshandsaming
- oppfølging og rettleiing av studentar
- anna studieadministrativt arbeid, mellom anna internasjonalisering

Stillinga krev god evne til å samarbeid, evne til å gjennomføre oppgåver, men og stor sjølvstende.

Det kan bli lagt andre oppgåver til stillinga.

Kvalifikasjonskrav

- bred og relevant erfaring frå tilsvarende arbeid innanfor universitets- og høgskulesektoren
- utdanning minimum tilsvarende bachelornivå men det er ein fordel med mastergrad. Relevant realkompetanse kan kompensere for utdanningskravet
- gode kommunikasjonsevner
- god munnleg og skriftleg framstillingsevne på norsk og engelsk
- gode IT-kunnskapar
- det er ein fordel med erfaring med studieadministrative system som FS, TP, Canvas, Inspera og ePhorte

Vi ser etter søkerar som er sjølvstendige, initiativrike og løysingsorienterte sidan stillinga har ansvar for å koordinere arbeidet til studieadministrasjonen på instituttet. Den som vert tilsett må ha evne til å jobbe målretta og strukturert, og samstundes være serviceinnstilt og like å jobbe med menneske.

Vi treng ein person som trivs med høgt tempo og varierte arbeidsoppgåver, og samstundes kan motivere andre, bidra til godt teamarbeid og jobbe som lagsspiller i en kunnskapsorganisasjon med mange interesser og kontaktar.

I vurderinga av søkerane legg vi særleg vekt på personlege eigenskapar som gjer søkerane skikka til stillinga.

Vi tilbyr

- lønn frå kr 490 600,- til kr 566 700,- per år, avhengig av kompetanse for stilling som seniorkonsulent
- lønn frå kr 507 400,- til kr 586 500,- per år, avhengig av kompetanse for stilling som rådgjevar
- eit hyggeleg og stimulerande arbeidsmiljø
- god pensjonsordning i [Statens Pensjonskasse](#)
- stilling i ei IA-verksam, [gode velferdsordningar](#) og høve til trening i arbeidstida

Vi søker i utgangspunktet etter ein rådgjevar. For tilsetjing som rådgjevar krevst det omfattande relevant erfaring i høve til sakshandsaming innan det studieadministrative feltet og at du kan dokumentere erfaring med leiing og koordinering av arbeid innanfor sektoren.

Søknaden skal innehalde

- søknadsbrev
- CV

Søknad med vedlegg må sendes inn via vårt elektroniske rekrutteringssystem, klikk "Søk stillinga".

Andre opplysningar

Etter offentleglova § 25 andre ledd kan opplysninga om søkeren bli offentleggjort sjølv om søkeren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkerlista.

Vi viser òg til [regelverk for teknisk-administrativt tilsette](#).

UiO har ein [overtakingsavtale](#) for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

Inkludering og mangfald er ein styrke. UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnssamsetjing. Vidare ønskjer vi medarbeidarar med ulike kompetansar, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv. Vi vil leggje til rette for medarbeidarar som har behov for det.

Om det er kvalifiserte søkerar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, skal vi kalle inn minst éin søker i kvar av desse gruppene til intervju.

Kontaktinformasjon

Administrativ leder Målfrid Hoaas, tlf: +47 22844428, e-post: malfrid.hoaas@imv.uio.no

Personalrådgiver Hilde Kristine Sletner, e-post: h.k.sletner@hf.uio.no

Universitetet i Oslo

Universitetet i Oslo er den eldste og høgst rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonen i Noreg, med 28000 studentar og 7000 tilsette. Fagleg breidde og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø gjer UiO til ein viktig samfunnsaktør.

Institutt for musikkvitenskap underviser musikkvitenskap på alle nivå og tek del i forsking innan ei rekke felt, med eit særleg fokus på musikkhistorie og estetikk, populærmusikk og kulturanalyse, og musikkognisjon og -teknologi. Instituttet har om lag 50 tilsette, medrekna stipendiatar og postdoktorar, og tek opp til saman 90 bachelor- og masterstudentar kvar haust.

Jobbnorge-ID: 205047, Søknadsfrist: 10. mai 2021